

Eldrerådet har hatt ein gjennomgang av rådmannen sitt budsjettframlegg for 2023 og økonomiplanen for 2023 – 2026. Dette er ei svært omfattande dokument og kanskje ikkje det lettaste stoffet å setta seg inn i. For eldrerådet er det mest nærliggjande å sjå spesielt på budsjett-delen som er knytt til Helse og omsorg, sida me er i den gruppa av befolkninga som lett kan verta brukarar av helsetenestene. For eldrerådet er det vanskeleg å peike på endring i enkelte summar og poster i budsjettet. Me må stole på at fagfolka i helsestellet i stor grad vert høyrte i den politiske behandlinga.

Eit gjennomgåande tema i framlegget er «demografiske forhold». Her ser ein klårt at talet på eldre aukar jamt dei neste åra. Derfor finn me det underleg etter vårt syn, at ein ikkje ser dette igjen i framlegget. Me vil tru at fleire eldre både i institusjon og heimebuande, treng meir hjelp. Ein kunne forvente tilsetjing av fleire pleiarar, men budsjett-tala fram går det at det vert ein samla reduksjon årsverk i tenestene. Framlegget legg og opp til reduksjon i talet på korttidsplassar og flytting av eldre. Det er vanskeleg å sjå at dette ikkje fører til eit auka arbeidspress og mindre kontakt med kvar brukar.

I oversikta er det vist til at sjukefråværet er høgt. Med auke arbeidspress vil det vera naturleg at sjukefråværet vil auke og ikkje som ønskjeleg, går ned.

Når det gjeld innsparing ved flytting av middagsservering frå seniorsenteret til sjukeheimen, bør dette ikkje vera eit økonomisk spørsmål. Her må trivsel, praktisk tilrettelegging og fagfolks vurdering vera heilt avgjerande for ønskje av plassering.

Auka arbeidspress vil i sin tur føre til at brukarar både i sjukeheim og heimetenesta vil kunne føle seg meir uttrygg og kanskje heller ikkje få den hjelpe dei både treng og har rett til. Dette er ein svært lite ønskjeleg utvikling.

Eldrerådet vil be politikarane om å tilpasse budsjettet til ein utvikling som betre avspeglar den stekt aukande delen eldre personar i Fitjar.